



Vidar Haugland orienterar om skulen. Til høgr ein av møteleiarane - Bjarte Døsland.

Kva skal egentleg skje med skulen i Uskedalen for dei 15 millionar som vart budsjettert i juni?

Tidlegare rektor Vidar

Haugland vart ikkje lite overraska då han for stutt tid sidan ikkje fekk noko svar på dette spørsmålet som han stilte til tekniske tenester i kommunen. Ein nøkkelperson der hadde ikkje noko svar å gje.

Haugland opplyste dette under valmøtet i Aktivitetshuset i kveld som vart avvikla i regi av Dialogforumet i Uskedalen Utvikling. Frammøtet var ikkje imponerende - det møtte berre rundt 50



Frammøtet var ikkje imponerende

Møtet var relativt tettpakka med omsyn til temaval og arrangøren hadde stått seg på ein konsentrasjon og også ein strammare og friskare regi,

Ein uformell jury fant ingen grunn til å kåra nokon vinnar blant politikarane, som dei tykte var tamme og lite engasjerte. Men dei hadde ein vinnar likevel - det var Hans Reidar Kjærland som innleia skarpt og klårt om landbruk og småkraftverk.

Det som vart sagt om skulen vekte imidlertid stor merksemd. Haugland var glad for at vår skule tydelegvis skal rehabiliterast i 2012 for 5 millionar og året etter for 10 millionar. Det betyr truleg at arbeidet med Undarheim skal starta i 2014. Men Haugland undra på kva som konkret skal skje med løyvinga til Uskedalen. Skal pengane også nyttast til utvikling av ein ny skule i tillegg til mellom anna golv og ventilasjonsanlegg?

Politikarane var forundra over den manglande orientering i kommunen. Gunnar Vaage frå Senterpartiet trudde at nokon må ha hatt ein dårleg dag på jobben og Leif Sverre Enes (H) meinte som andre at det burde settast ned ei gruppe for å sjå på kva som bør gjerast ved skulen. Sigurd Børve meinte at det var oppstått ein situasjon prega av naud og tvang og at politikarane her har ein jobb å gjera. Kjell Yri (V) var som andre overraska og sa at administrasjonen plar å ta tak når vedtak er fatta.

Brannmeister Kjell Tungesvik fekk klapp for innlegget sitt om at noko må skje med bilen frå 1972. og slo fast at altfor lite blir satsa på sikkerheit i Kvinnhrad

Leiar i idrettslaget Bjarne Lilleaas fekk som venta ikkje noko klårt svar då han spurte om ein eventuell kommunal overtaking av Aktivitetshuset. Politikarane sitt syn kan summerast opp slik: Initiativet må eventuelt komma frå bygda og sjåast i samanheng med andre bygder.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Politikarane fekk ingen toppkarakter